



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 15.12.2022: Jordbruket i Agder og Rogaland i 2021

Stor auke i jordbruksinntekt for bøndene i Agder og Rogaland

Jordbruksinntekta til bønder på Jæren auka med kr 115 000 per årsverk, og vart 474 000 kroner i gjennomsnitt per årsverk i 2021. I resten av Rogaland og Agder auka jordbruksinntekta med 89 500 til 380 500 kroner.

Auken i jordbruksinntekta på Jæren var på 32 prosent frå 2020 til 2021. I resten av Rogaland og Agder gjekk jordbruksinntekta opp med 30 prosent. Auke i prisar på viktige produkt kombinert med volumauke og moderat kostnadsutvikling forklarar mykje av denne endringa i begge regionane. Lett marknad under koronatida skapte rom for auka volum og gode prisar. Arbeidsinnsatsen auka med 3,2 prosent på Jæren og gjekk ned med 2,5 prosent i andre bygder.

Auke for mjølkebøndene

Jordbruksinntekta til mjølkebønder på Jæren auka med 33 prosent. I gjennomsnitt vart jordbruksinntekta på 416 100 kroner per årsverk. For mjølkeprodusentane i Agder og Rogaland utanom Jæren auka jordbruksinntekta med 35 prosent til kr 326 300 kroner per årsverk. Auka inntekt for mjølkebøndene skuldast prisauke og volumauke på mjølk og kjøt og moderat kostnadsvekst. Kostnader til energi auka mykje medan det var små endringar for andre kostnader. Auka grovfôravlingar i heile regionen bidrog positivt til resultatet.

Andre produksjonar

Jordbruksinntekta til sauebønder i Agder og Rogaland utanom Jæren auka med kr 98 500 per årsverk til kr 188 500 per årsverk frå 2020 til 2021. Auka pris på sau- og lammekjøt forklarar i stor grad denne framgangen.

For bruk med ammekyr gjekk jordbruksinntekta ned med 10 prosent til 207 700 kroner. Lågare inntekter grunna mindre volum er viktigaste årsak til nedgangen.

Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og svinehold på Jæren auka jordbruksinntekta si kraftig med 57 prosent, til 710 500 kroner per årsverk. Høgare prisar både for svin og storfe, samt auka produksjon av mjølk, bidrog i stor grad til at jordbruksinntekta auka mykje.

Ulik utvikling i investeringsnivå

For første gang på 3 år var nettoinvesteringa positiv på Jæren med kr 460 000 kroner per bruk i snitt. For resten av Rogaland og Agder var det ein liten auke i nettoinvesteringane, i snitt vart det der investert 61 200 kroner i middel per bruk. Samla gjeld gjekk opp på Jæren til 7,0 mill. kroner, ein auke på 11,5 prosent. I resten av Rogaland og Agder auka gjelda med 2,1 prosent til 4,4 millionar.

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er ei årleg rekneskapsundersøking blant tilfeldig utvalde gardsbruk frå heile landet. I 2021 var det med 916 bruk, der 154 var frå Agder og Rogaland. Jordbruksinntekt er målt som løn til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk.

Kontaktpersonar ved NIBIO

Håvard Rønningen Graarud

Rådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 412 84 067

E-post: havard.graarud@nibio.no

Torbjørn Haukås

Seniorrådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 476 58 552

E-post: torbjorn.haukas@nibio.no